



NORWEGIAN AGENCY FOR
EXCHANGE COOPERATION

Retningslinjer for Norec si handtering av mistanke om misleg økonomisk framferd

Gjeld frå 12. mars 2021 (erstattar tidlegare retningslinjer frå 1. mars 2019).

1. Grunnprinsipp

- Vi skal praktisere nulltoleranse for misleg økonomisk framferd for alle budsjettmidlane til Norec.
- Dersom ein oppdagar trakassering, diskriminering eller andre brot på kravet om eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, skal ein varsle.
- Vi skal behandle alle saker i samsvar med god forvaltningskikk.
- Vi skal behandle alle saker med stor grad av aktsemd.

2. Rett og plikt til varsling

Alle har *rett* til å varsle om kritikkverdige forhold. Tilsette har *plikt* til å varsle arbeidsgivar om forhold som kan påføre arbeidsgivar, tilsette eller omgivnadene tap eller skade. Dessutan har tilsette har *plikt* til å varsle om misleg økonomisk framferd.

Alle varslarar kan velje å vere anonyme.

Sjå varslingsplakaten dersom du vil vite meir om saksgangen ved varsling om kritikkverdige forhold.

3. Når gjeld retningslinjene?

Retningslinjene gjeld for Norec og skal sikre korrekt handtering av saker som gjeld varsling av mistanke om misleg økonomisk framferd.

Retningslinjene rettar seg mot misleg økonomisk framferd knytt til forvaltninga av Norec sine drifts- og tilskotsmidlar. Retningslinjene skal også gjelde dersom tilsette eller andre som utfører oppgåver på vegner av Norec, bruker stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre ein fordel dei ikkje har rett på.

Retningslinjene gjeld når det har oppstått mistanke, og omfattar derfor ikkje førebyggjande tiltak.

Retningslinjene er koordinerte med retningslinjene som gjeld for tilsvarende saker i utanrikstenesta.

4. Kva omfattar retningslinjene?

4.1 Misleg økonomisk framferd og misleghald

I desse retningslinjene bruker vi omgrepet *misleg økonomisk framferd* som ei samlenemning for økonomiske forhold som er ulovlege, eller som inneber misbruk av Norec sine midlar. Eksempel på misleg økonomisk framferd kan vere korrupsjon, underslag, økonomisk utruskap, bedrageri eller tjuveri, brot på rekneskapsreglar, favorisering/nepotisme eller annan misbruk av stilling knytt til støtta frå Norec.

Vi bruker omgrepet *misleghald* som ei samlenemning for ulike former for brot på føresetnader og avtalar. Omgrepa *misleg økonomisk framferd* og *misleghald* er delvis overlappende, sidan misleg økonomisk framferd vil utgjere misleghald av ein avtale. Men mange typar misleghald, for eksempel forseinka rapportering, vil ikkje utgjere misleg økonomisk framferd. Misleghald kan også gi grunnlag for reaksjonar, avhengig av kor alvorleg misleghald det er snakk om, og kva som er avtalt.

Når Norec stiller midlar til rådvelde gjennom ein avtale, pliktar avtalepartnaren å bruke dei tildelte midlane i tråd med avtalen, også dersom midlane er delegerte vidare. Alle avvik gir grunnlag for reaksjon frå Norec si side, med utgangspunkt i innhaldet i avtalen.

Saker som gjeld misleg økonomisk framferd, vil bli rapporterte til Sentral kontrollering (SK) hos Utanriksdepartementet. Saker som gjeld anna misleghald enn misleg økonomisk framferd, blir følgde opp internt i Norec.

4.2 Andre kritikkverdige forhold

Norec har egne retningslinjer for handtering av konflikter, trakassering og anna utilbørleg åtfærd. Desse regulerer saker som er av rein personalmessig karakter.

Saker som gjeld andre kritikkverdige forhold, for eksempel brot på lover, regelverk og instruksar i samband med saksbehandling, skal vi handtere i tråd med retningslinjene for misleg økonomisk framferd så langt dei passar.

5. Saksgang og ansvarsforhold

Forvaltningslova stiller krav til saksbehandlinga i all offentleg forvaltning, også i saker som gjeld misleg økonomisk framferd. Lova krev mellom anna at ei sak skal vere så godt opplyst som mogleg før ein gjer vedtak,¹ og at tilsette i forvaltninga som hovudregel har teieplikt i slike saker.² Opplysningar ein får kunnskap om, skal behandlast med aktsemd. Saksbehandlinga må ikkje skje på ein måte som kan øydelegge bevis eller vekke unødige merksemd.

Saksbehandlinga kan delast inn i fem trinn:

- avvik blir avdekt og mistanke oppstår – innleiande vurdering
- rapportering
- undersøking, vurdering og konklusjon

¹ Jf. forvaltningslova § 17

² Jf. forvaltningslova § 13

- reaksjon
- avslutning

6. Avvik blir avdekt og mistanke oppstår – innleiande vurdering

Mistanke om misleg økonomisk framferd kan oppstå som følge av informasjon frå eksterne kjelder, interne kjelder eller noko ein sjølv har opplevd. Vanlegvis blir avvik oppdaga som ledd i ordinær saksbehandling. Typiske eksempel er at informasjon ikkje stemmer, er uforståeleg eller manglar. Avvik kan også bli oppdaga i samband med monitorering eller andre interne eller eksterne kontrollaktivitetar. Mistanke kan dessutan bli rapportert gjennom ulike typar munnlege eller skriftlege varsel eller via den eksterne varslingskanalen.

Avvik varierer i art og omfang. Felles for dei er at det ligg føre ei handling/unnlating som er i strid med gjeldande regelverk eller avtale. Dersom avviket er knytt til ein konkret avtale, vil avtalen vere eit viktig styringsverktøy i vurderinga av om det ligg føre avvik, og korleis Norec bør følge opp saka.

Norec har undersøkingsplikt for alle avvik som blir oppdaga. Vi skal vurdere alle avvik skriftleg, arkivere vurderinga på saka og følge opp på ein adekvat måte.

Dersom saka først blir omtalt i media, følger vi krisehandteringsplanen til Norec.

7. Rapportering

Dersom det er mistanke om misleg økonomisk framferd, skal Norec skriftleg og utan ugrunna opphald rapportere saka til SK. Dersom det er tvil om saka gjeld misleg økonomisk framferd, eller om saka skal rapporterast til SK, skal vi kontakte SK og be om avklaring. Andre kritikkverdige forhold skal rapporterast til avdelingsdirektøren for verksemdstyring i Norec.

Ved oversending av rapporten til SK skal vi merke saka med «varslings sak» og oppgi relevant heimel for unntak frå offentlegheit.

Norec vil halde etatstyraren i departementet orientert ved å føre denne seksjonen opp som kopiadressat i korrespondansen med SK.

Kjem det krav om innsyn i saka, skal vi informere SK. Norec skal i samråd med SK utarbeide beredskapsnotat.

Vi skal oppbevare saksdokument på ein forsvarleg måte i tråd med gjeldande reglar.

8. Undersøking, vurdering og konklusjon

Ved grunngitt mistanke skal Norec sette i gang undersøking utan ugrunna opphald. Det er leiinga i Norec som skal ta avgjerda om undersøking, etter forslag frå kontrollar og ansvarleg rådgivar.

Utgangspunktet for undersøkingsfasen er at det er nødvendig å få dokumentert dei faktiske forholda, slik at vi kan enten bekrefte eller avkrefte mistanken om misleg økonomisk framferd.

Undersøkingane må ikkje gjennomførast på ein måte som aukar faren for at bevis blir øydelagde. Dei må heller ikkje ta for lang tid. Saka må vere ferdig utgreidd før foreldingsfristen. Vi bør på eit tidleg tidspunkt avklare kva fristar som gjeld, sidan det vil variere frå land til land. Dersom andre

givarar eller kontraktspartar blir påverka av same mistanke om misleg økonomisk framferd, bør vi prøve å samarbeide med desse i undersøkingfasen.

Som ledd i undersøkingane skal vi heile tida vurdere omsynet til kontradiksjon. Det vil seie at vi skal vurdere behovet for å orientere den mistenkte om saka, og gi vedkommande høve til å uttale seg om saka før vi kjem til reaksjonsstadiet.

Kva tiltak som er mest formålstenlege, vil variere. Her er nokre aktuelle tiltak:

- interne undersøkingar for å innhente meir informasjon
- feltbesøk
- krav om skriftleg dokumentasjon / utdjuping av rapportar
- undersøking av fakta
- førespurnader til andre relevante partar
- ekstern bistand, for eksempel gjennom revisjon/ «forensic audit»

Uansett undersøkingform er formålet å skaffe eit best mogleg faktagrunnlag for å ta ei avgjerd om vidare reaksjonar.

Når saka er tilstrekkeleg opplyst, skriv Norec eit konklusjonsnotat som vi sender til endeleg godkjenning hos SK.

9. Reaksjonar

Ein sannsynleg reaksjon ved avdekking av misleg økonomisk framferd vil vere stans eller frys i vidare utbetalingar inntil saka er avklart. Vi skal dessutan alltid vurdere oppseiing av avtalen, krav om tilbakebetaling, erstatning, sivilt søksmål og/eller strafferettsleg forfølging. Det er SK som skal ta ei eventuell avgjerd om sivilt søksmål eller strafferettsleg forfølging.

Utanriksdepartementet kan vurdere korleis rettssystemet fungerer i det landet der ein eventuell rettsprosess vil bli gjennomført.

Norec har ikkje fullmakt til å ettergi krav eller late vere å fremje krav som gjeld staten sine midlar. Derfor må vi alltid ta opp slike saker med Utanriksdepartementet.

Ved tilskot til utveksling er den koordinerande partnaren Norec sin avtalepartner ifølge samarbeidsavtalen. Derfor er det den koordinerande partnaren som står ansvarleg for heile partnarskapet. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om Norec skal krevje tilbakebetaling direkte frå andre partnarar i partnarskapet dersom misleghaldet har skjedd der.

10. Avslutning

Når vi avsluttar saka, lagar vi eit avslutningsnotat som vi informerer SK skriftleg om.

11. Informasjons-/dokumentbehandling

Vi skal vere forsiktige med å distribuere saksdokument, også internt. I utgangspunktet skal ei sak som gjeld mistanke om misleg økonomisk framferd, følge rapporteringslinjene (programrådgivar, kontroller, leiarar og SK). Vi skal oppbevare saksdokument på ein forsvarleg måte i tråd med gjeldande reglar. Personopplysningslova med forskrift stiller særlege krav om behandling og oppbevaring av personopplysningar.

Sentrale lover, regelverk og andre styringsdokument for Norec:

- forvaltningslova
- statstilsettelova
- arbeidsmiljølova kapittel 2 A om varslings
- reglement for økonomistyring i staten
- føresegner om økonomistyring i staten
- den årlege Prop. 1 S for Utanriksdepartementet
- utviklingsministeren sitt årlege tildelingsbrev til Norec
- intern økonomiinstruks
- retningslinjer for tilskotsforvaltning i Norec
- Norec sitt ordningsregelverk
- *Statens personalhåndbok punkt 10.19: Retningslinjer for behandling av saker om underslag, korrupsjon, tyveri, bedrageri og utroskap i statstjenesten*